

Kraftlinje over Radøy og Hubro.

I samband med utbygging av ny kraftlinje mellom Mongstad og Kollsnes vert hubroen teke omsyn til og det er bra.

Hubroen sitt leveområde og næringsområde er mykje større enn der kraftlinja skal gå, den lever i heile Haukås bassenget som strekker seg frå Nord for Haukåsen på Sletta ,Nord Aust til Straume og Saltvika, til Nord midtre av landskapet vårt med Rossnes og Lokkevågen, til Villanger og øyene nordom, til Syltaneset og Bøneset og øyene nord for dei, vidare til Kvalheim neset med Kvolmo og Marøy, og Nord Vest til Toska med Uttoske og Flonæ .

Heile dette område er Hubroen sitt hekkeområde og næringsområde den har fleire hekkeplassar i dette rike område, den er for det meste ein nattjeger, når me går til ro kjem den og jaktar både på det som er på markene og hagen vår ,den tar fuglar og dyr eg fann 9 store piggsvin skinn ein plass og skjøna at her har den vore med mat til mor og ungar, den er og ein ivrig rottejeger eg trur at katten ikkje skal kjenne seg for trygg, den kan snart verte eit godt måltid. Den brukar heile Haukås bassenge som mat område.

Var heldig no i sumar og opplevde ein hubro som tok nøtteskrika sin unge ein morgon like sør for kraftlinja, foreldre skreik og fekk hjelp av ei trost , den letta og flaug mot sør med fangsten i kloa slik den på bilde gjorde når eg kom.

Med bygging av ny kraftlinje på denne tida av året held hubroen seg i ro om dagen slik den brukar å gjere, når mørke og skumringa kjem er den aktiv og lydlaus på jakt etter mat, eg trur den nye kraftgata vert brukt mykje at hubroen som nærings område i framtida.

Eg meiner at alle mastene som er i område bør sikrast, det har vore nokk hubroar som har mista livet for at dei får straum i seg.

Ragnar Floen